

Voss, 08.03.2017

Høyringsfråsegn Urdlandselvi kraftverk

Voss Kajakklubb er hovudinteresseorganisasjon for kajakkpadlarar i indre Hordaland, og er eit idrettslag tilknytt Norges Padleforbund. Me driv med friluftsliv og breddeidrett, samt konkurranse og elitesatsing. Voss Kajakklubb er også deleigars av stiftinga Ekstreme Voss som driv Ekstremsportveko, verdas største ekstremsportfestival.

Voss har eit mangfold av ulike typar padlebare elver, som gjer at me her har konkurransepadlarar i verdseliten, aktive turpadlarar og særsmange tilreisande padlarar. Vidare vert dette brukt i Voss si marknadsføring. Med slagordet «bygd for sterke opplevelingar» er padlinga ein del av bygda si nærings- og reiselivstrategi. For å kunne tilby elvepadling i sin portefølje av naturopplevelingar, treng ikkje Voss berre nokre stykker med padlebare elver, ein treng også tiltrekka seg kompetansen til å få utført slike aktivitetar. Det som tiltrekker den beste kompetansen er å bevare denne unike arenaen, elvesportens mekka, som Voss vert omtala som.

Urdlandselvi vert normalt padla frå Fagnastølselvi ved Ospehaugen, og ned til bruva på Raundalsvegen. Partiet nedafor planlagt inntak utgjer ei rekke padlebare sklier og dropp, og er det som karakteriserer Urdlandselvi som den bratte og morosame padle-elva den er kjend som. Det siste stykket frå planlagt kraftstasjon og ned til Raundalselva vert i mindre grad padla, men det har vorte gjort nokre opptak her i samband med Ekstremsportveko og annan filmproduksjon.

Nokre bilete frå planlagt regulert strekning:



Foto: Jens Klatt. Biletet er henta frå det internasjonale magasinet Canoe & Kayak.



Foto: Adrian Mattern



Foto: Mathias Fossum. Fyrste del av «Double drop», ca midt på strekninga.



Foto: Evan Garcia. Nedre del av «Double drop».

Video som syner padling i Urdlandselvi ovanfor planlagt kraftstasjon: <https://vimeo.com/48062418>

Diverre opplever ein at dei padlebare elvene på Voss stadig vert innskrenka. Ein del er allereie kraftig utbygd og så uforutsigbare at dei ikkje kan reknast med når ein planlegg turar. Jordalselva, som også er eit av trekkplastra til Voss som ekstremsport-destinasjon, er per i dag under utbygging.

Det har vore fleire av slike padlebare elver i Noreg, men grunna deira bratte karakter vert dei heller nytt til vannkraft, og me står no att med få elver utan inngrep. Dersom ein klarar ein å bevare nokre av desse unike perlene kan samfunnet fortsette å nytte av positive ringverknader dei skaper i ei bygd som Voss, samstundes som ein bevarer verneverdiane i vassdraget. At slike elver har kort avstand til kvarandre gjer også at ein klarar å skape eit miljø og ei næring rundt dei, nettopp som eit senter for elvepadling som me ynskjer at Voss skal være.

Minstevassføring og slepp av vatn i periodar har i tidlegare utbyggingssaker vore nevnt som avbøtande tiltak. I Urdlandselvi vil ikkje dette ha verdi då installasjonane i seg sjølve stykker opp padlestrekket og forriger opplevelinga. Redusert vannstand vil også gjøre den vanskelegare å padle større deler av året.

Voss Kajakklubb ber om å lata dei siste frittrennande elvene få stå i fred, og heller fokusere på å effektivisere eksisterande kraftverk. «Bygda for sterke opplevingar», og heile Noreg som friluftslivnasjon og reiselivsdestinasjon, vil lide av ytterlegare kraftutbyggingar, og er betre tjent med å ta vare på litt av konseptet leik i naturen, som fortsatt fungerer svært bra (*kjelde: Verdiskapingsanalyse av reiselivsnæringen i Norge – utvikling og fremtidspotensial, 2015*).

Vil elles kommentere Småkraft AS sin søknad om utbygging av Urdlandselvi, der dei fleire stader påstår at det ikkje er padleaktivitet på planlagt regulert strekning. Dei skriv at dei har registrert noko aktivitet med elvepadling *nedafor* planlagt kraftstasjon. Det er altså *ovanfor* planlagt kraftstasjon som er den vanlege padlestrekningen. Voss Kajakklubb har ikkje fått noko forespurnad om aktivitet i Urdlandselvi frå utbyggar. Det finst også padleguidar tilgjengeleg på nett og i bokform som viser til Urdlandselvi, så dette er ikkje opplysningar som er vanskelege å oppdrive.

Me håper at NVE avviser søknader om utbyggingar som vil skade verdiane i verna vassdrag. Dei store verdiane i Urdlandselvi som padle-elv vert sterkt forringa dersom det omsøkte kraftverket vert bygga.

Me ber også NVE om å irtettesette kraftbransjen si konsekvente underrapportering av friluftslivs og andre viktige samfunns- og natur-verdiar med eksempel. Tilliten til konsesjonsprosessane vert svekka når tiltakshavarar får konstruere fakta på denne måten.

Mvh

Silje Skorve Paulsen, leiar i Voss Kajakklubb